

ALVER KULTURRÅD

Til
Alver kommune - kulturkontoret
v/ Bente Kopperdal Hervik

15. april 2021

Uttale: Temaplan for friluftslivets ferdselsårer - oppstart

Styret i Alver kulturråd støtter opp om administrasjonen sitt forslag på planarbeid.

Styret er einig i valet om å setja fokus på dei lokale nærsentra i første omgang. Dette har stor innverknad på utviklinga av sentra og vil på sikt dempe uønska miljøkonsekvensar i tett befolka område. Økoturisme og grøn turisme vil vere eit positivt biprodukt i eit slikt planarbeid.

Styret ser særskilt positivt på at bredden i engasementsflata er forslått romsleg, og styret har eit ønskje om enda fleir engasjerte frå lokalmiljøa. Særleg skule og barnehage har ressursar som kan involverast. Får ein engasjert det lokale initiativet så tidleg som mogleg i planarbeidet, så blir det eit eigarforhold til lokalutviklinga som betyr mykje for dei sjølve, for bygdene og for kommunen.

Styret i kulturrådet vil trekke fram satsinga på lokal kultur som parallel i denne planen. Utviklinga av ferdselsårar kring nærsentra må sjåast i samanheng med utviklinga av kulturturismen. Når ein legg til rette for fritidsaktivitet i eit lokalmiljø så må ein involvere lokal kunst- og kulturaktivitet for å krydre turopplevelingen. Og det er naturleg å nemne kobling til eksisterande lokal gårdsturisme og bygdeturisme til dei aktuelle nærsentra. Dette kan vere ein berikande symbiose.

Alver kulturråd har medlemslag som eig og driv lokale kulturbygg, og som driv lokale kulturaktivitetar i nærområda våre. Dette er base for kunnskap og informasjon som er til rådvelde for administrasjonen om det er ønskeleg. Lagshus og lokale kulturbygg er mange stader eit naturleg utgangspunkt for parkering til og frå turområde og bygga er viktige i utviklinga av levande lokalsamfunn.

Gjennom stolpejakt og mange andre relevante tursatsingar er problema kring startpunkt og tilkomst til stiar vel kjente. Styret i kulturrådet ønskjer at planen legg meir vekt på tilrettelegging enn identifisering.

Styret i Alver kulturråd stiller seg til rådvelde og er takknemleg for å kunne bidra.

På vegne av styret i Alver kulturråd



Arild Hagenes
Styreleiar



Per Ole Ekker
Sekretær